



Patrick Wohlgemuth
Skarsvegen 313
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2388 - 21/17165

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
09.04.2021

Melding om mogleg ulovleg tiltak - forureining - gbnr 145/37 Fosse indre

Tiltak: Mogleg ulovleg tiltak
Byggjestad: Gbnr 145/37
Tiltakshavar: Patrick Wohlgemuth

Saka gjeld

Kommunen har den 10.03.2021 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved forsøkt tømning den 09.03.2021 ikkje vart funne nokon septiktank på eigedommen din med adresse Skarsvegen 313, 5911 Alversund. Det ble rapportert frå Norva24 om at kloakken går rett i sjø.

I kommunens register over kommunale avgifter finn vi at du blir belasta med kommunale avgifter for ein avgiftstypen «Kloakk eigen tank». Dette er ein kombinasjon av offentleg tilknytting til kommunalt avløpsanlegg og installert septiktank på eigedommen.

Arbeidet kan vere søknadspliktig

Installasjon av septiktank er eit søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1 bokstav f, som bl.a. gjeld for etablering av sanitæranlegg. Regelverk om krav til utslepp av sanitært avløpsvatn finn ein i forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 12.

Vi gjer merksam på at på vi finn ingen dokumentasjon på at det er søkt om eller gitt løyve til installering av septiktank på eigedommen. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva for avløpsordning som eksisterer på eigedomen din, slik at vi kan få klartlagte dei faktiske forholda.

I dokument frå tidlegare Lindås kommune som gjaldt søknad om mindre byggjearbeid på bustadeigedommen frå september 1999 finn vi at det er kryssa av for at eigedommen med gbnr. 145/37 er tilknytta offentleg avløpsanlegg.

Kommunen har førebels ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på forurensningslova § 7, der det heiter at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve». Vi ber i fyrste omgang om utgreiing av tilfellet.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greie ut om kva for avløpsordning du har.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse: post@alver.kommune.no eller per post til:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for å komme med ei utgreiing vert satt til 30.04.2021.

Anvendt regelverk

- Du har plikt til å greie ut om det utførte tiltaket i følge plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver vennleg og referer til saknr.: 21/2388.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Patrick Wohlgemuth

Skarsvegen 313

5911

ALVERSUND